

Årsmøteprotokoll

07.06.2016

Det vart halde årsmøte i "Foreininga for Landsbyhuset Breidablik" tysdag 07.06.2016 kl. 19:00.
Møtet vart halde på Breidablik.

Sak 01/15 : Val av ordstyrar

Harald Sætre (styreleiar) vart samrøystes valt som ordstyrar.

Sak 02/15 : Godkjenning av innkalling

På innkallinga var det skrive feil dag (torsdag i staden for tysdag). Dato og tid var rett. Det var ikkje merknadar til innkallinga. Årsmøtet godkjenner denne.

Sak 03/15 : Val av ein person, i tillegg til ordstyrar, for underskriving av protokoll

Gunn Eli Sandvik vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

Sak 04/15 : Oppteljing av medlemar og antal stemmer på årsmøtet

Det var 6 stk. medlemar tilstades og desse representerte 6 røyster.

Sak 05/15 : Årsmelding og årsrekneskap 2015

- Årsmeldinga for 2015 vart lagt fram av styret og opplest av ordstyraren.


Det var ikkje merknadar og årsmøtet godkjende årsmeldinga for 2015.

- Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2015 vart gjennomgått og opplest.

Det var ikkje merknadar og årsmøtet godkjende resultatrekneskap og balanse for 2015. Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitande.

Sak 06/15 : Budsjett og andre økonomiske disposisjonar for 2016

- Styret la fram budsjett for 2016, og orienterte om naudsynte gjeremål og planar.



Årsmøtet vedtok budsjettet og tok orienteringa til vitande.

Sak 07/15 : Val av styremedlemar, styreleiar og kasserar/økonomiansvarleg

Toril Merete Urkedal (kasserar/øk.ansv.), Bjarte Rovde (dugnadsansvarleg), Ole Christian Grønnevik (teknisk.), og Lisa Iversen (arrangement/div.) er på val.

Desse har utgjort valnemda for 2016.

- Valnemda har kome med fylgjande forslag til val, og styret innstiller på dette :
 Attval : Toril Merete Urkedal (kasserar/øk.ansv.), Bjarte Rovde, Lisa Iversen.
 Attval med redusert styrefunksjon : Ole Christian Grønnevik (kun tekniske oppgåver).

Årsmøtet vedtok samrøystes innstillinga. Styret for 2016 (fram til neste årsmøte) vert dermed samansett slik :

| | | |
|--------------------|-------------------------|------|
| Styreleiar : | Harald Sætre | 1 år |
| Økonomiansvarleg : | Toril Merete Urkedal | 2 år |
| Styremedlem : | Stine Brune Lillebø | 1 år |
| Styremedlem : | Steinar Skoge | 1 år |
| Styremedlem : | Bjarte Rovde | 2 år |
| Styremedlem : | Lisa Iversen | 2 år |
| Teknisk hjelp : | Ole Christian Grønnevik | 2 år |


Sak 08/15 : Val av valnemd for 2017

Styret innstiller på at dei utgåande medlemmane i styret på årsmøtet i 2017 utgjer ny valnemd : Harald Sætre, Stine Brune Lillebø, Steinar Skoge

Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til valnemd for 2017.

Sak 09/15 : Val av revisor

Jarle Gunnarstein vart samrøystes attvald som revisor.




Sak 10/15 : Orientering om akustisk oppgradering og utbygging

Styret har arbeidd med planar for oppgradering av sal (akustiske tiltak) og gang, samt tilbygg i 2 etasjer sydover. På ekstraordinært årsmøte den 30.12.15 vart det orientert om status i planane og dette møtet vedtok vidare arbeid med planane.

Årsmøtet vart orientert om utviklinga sidan ekstraordinært årsmøte den 30.12.15 og oppmoda styret om å halde fram med arbeidet mot realisering av planane.

Årsmøtet vart avslutta kl. 21:30

A handwritten signature in cursive script, reading "Harald Sævi".

ordstyrar

A handwritten signature in cursive script, reading "Glenn-Eli Sandvik".

medunderskrift

